



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

## Til medlemskommunane

### *Årsmøtevedtak – endring av medlemskontingent frå 2015.*

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) hadde årsmøte torsdag 27.03.2014. Av omsyn til budsjettprosessen i medlemskommunane, vedtek ein her budsjettet for neste år, i dette tilfelle år 2015.

Normalt har reguleringa av kontingenten følgt løns og prisstigninga. Gjennom dei siste 10 åra har kontingenten sin del av totalbudsjettet for BOF minka frå 58% til 33%. Dette samstundes som talet på friområde som er tilrettelagt og drifta har auka frå 166 til 220. (sjå vedlegg 2 ). For kvar krone som kommunane betalte i kontingent i 2013, fekk dei 2.82 kroner tilbake. I tillegg fekk BOF 5.4 millionar statlege kroner til kjøp av nye friluftsområde i 2013.

For å rette opp denne ubalansen som har utvikla seg over tid, og på grunn av forventa vekst i talet på nye friluftsområde, gjorde årsmøte samrøystes vedtak om å auka kontingenten med kr 2.50 per capita.

Vi ber med dette kommunane ta omsyn til dette ved utarbeiding av budsjettforslaget for 2015.

Bergen 30.04.2014

Åge A. Landro  
-administrativ leiar-

Vedlegg:     -Tabell som viser ny medlemskontingent for kommunane 2015  
              -Tabell som viser utviklinga av nokre sentrale parameter for BOF si utvikling frå 2000 til 2013  
              -Årsmelding 2013